

Opsjonsavtale/samarbeidsavtale om kjøp av Bamabygget

Opsjonsgjevar:

Stein Vangsnes og Magna Fondenæs

Epost: Stein.Vangsnes@bama.no

Mob: 908 69 897

Opsjonshavar:

Vestland fylkeskommune

Org.nr: 821 311 632

Eigedomen:

Njøsavegen 29, 6863 Leikanger, Gnr. 224, Bnr. 1, Fnr. 2 i Sogndal kommune.

Eigedomen er på vel 4,3 mål og består av bygning på festa grunn, heretter kalla «Bamabygget».

Oversikt over heimelsforhold:

ÅSE GJERTRUD HUSABØ	1/2	Heimelshavar grunn
UNNI MARGRETHE GOTTHARD	1/2	Heimelshavar grunn
SOGNDAL KOMMUNE	1/1	Festar
STEIN VANGSNES	1/1	Framfestar

Bakgrunn for avtalen:

Vestland fylkeskommune har behov for eit arkivbygg og ønskjer å kjøpe «Bamabygget».

Partane er einige om følgjande:

1. Opsjonshavar har rett til å kjøpe «Bamabygget» for kr 4.000.000.
2. Opsjonshavar tekk atterhald om politisk godkjenning av kjøpet.
3. Frist for opsjonshavar til å gjere retten gjeldande er 1. juni 2022. Opsjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan 1. juni 2022. Ei ev forlenging av avtalen må avtalast særskilt
4. Opsjonen vert nytta ved at opsjonshavar sender skriftleg melding om bruk av opsjonen til opsjonsgjevar innan fristen, jf. pkt. 3.
5. Vert opsjonen nytta, skal partane innan 6 veker deretter ha framforhandla ein kjøpekontrakt basert på dei rammer og føringar som er gjeve i denne opsjonsavtalen, herunder dato for overtaking.
6. Opsjonshavar har gjort seg kjent med vedlagte grunnboksutskrift. «Bamabygget» skal overdragast fritt for pengehefte med unntak av tinglyst festekontrakt og framfestekontrakt.
7. I tillegg til kjøpesummen betalar opsjonshavar dokumentavgift og tinglysingsgebyr ved tinglysing av skøyte.
8. Avtalt kjøpesum er kr 4.000.000,-. Pris er oppgitt i 2021 kr. Ev. prisstigning etter Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks i perioden frå juni 2021 til endeleg avtale vert inngått vert lagt til summen. Kjøpesummen er basert på innhenta takst og tilbod frå opsjonsgjevar (jf epost av 10.06.21).
9. Opsjonsgjevar har full råderett over bygget fram til ei ev. overtaking.


10. Vedlegg:

- Situasjonskart
- Grunnboksutskrift
- Reguleringskart
- Reguleringsføresegner

Dato: Bergen 08.10.2021
Stad:


Vestland fylkeskommune

Dato:
Stad: Leikanger


Stein Vangsnes og Magha Fonderes